



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Valgstyre

<b>Møtested:</b>	Formannskapssalen, 3.etg. Rådhuset
<b>Møtedato:</b>	10.03.2016
<b>Tidspunkt:</b>	18:30 - 18:40

**Til behandling:**      **Saksliste nr. 001/16 - 001/16**

#### Medlemmer:

AP - Kristin Maurstad (Ordfører)  
SP - Nils Isak Myklebust (Varaordfører)  
H - Morten Andreas Hagen (Medlem)  
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)  
AP - Frode Falkevik Kuppen (Medlem)  
H - Anett Berg (Medlem)  
SP - Betty Lovise Hessevik (Medlem)  
H - Therese Sæbøe Strand (Medlem)

#### Varamedlemmer:

FRP - Sølvi Karin Grov (Varamedlem)

#### Forfall:

FRP - Hogne Bleie (Medlem)

Fra administrasjonen møtte: rådmann Knut Ove Leite.

Av 9 medlemmer møtte: 8. Totalt frammøtte: 9.

Måløy, 10.03.2016

Kristin Maurstad  
ordfører

Irene Sivertsen  
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
001/16	Gjennomføring av rådgjevande folkerøysting i samband med kommunerforma	



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Valgstyre	10.03.2016	001/16

Endeleg vedtak i: Valstyret	Arkivsaknr.: 16/81	Saksansvarleg: Linda Alice Myhre Larsen
--------------------------------	-----------------------	--

## Gjennomføring av rådgjevande folkerøysting i samband med kommunerforma

### Rådmannen si innstilling

1. Valstyret viser til kommunestyret sitt vedtak i sak 017/16 om gjennomføring av ei rådgjevande folkerøysting om kommunereforma den 25.04.2016
2. Valstyret vil så langt det passar gjennomføre avrøystinga og valoppgjeret etter same rutinar og lovkrav som gjeld ved kommunestyre- og fylkestingsval. Dei som vart valde til medlemmer i røystesstyra i samband med kommune- og fylkestingsvalet 2015 har dei same verva i den rådgjevande folkerøystinga
3. Røysteføre er dei som oppfyller røysterettskriteria for kommunestyre- og fylkestingsvalet, inkludert dei som fyller 16 år og 17 år i valåret
4. Det skal vere førehandsrøysting i samband med folkeavrøystinga fram til og med fredag 22.04.2016. Leiaren i valstyret fastset startdato for førehandsrøystinga slik at denne blir lik i Eid og Gloppen. Førehandsrøystinga går føre seg på dei same stadene og med dei same opningstidene som for førehandsrøysting ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015
5. Det skal vere høve til å tidlegrøyste i servicetorget på heradshuset frå og med måndag 21.mars 2016 og fram til den ordinære førehandsrøystinga startar
6. Folkeavrøystinga på måndag 25.04.2016 blir gjennomført med dei same valkrinsane, røystestadene og opningstidene som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015
7. Det blir laga røystesetlar med utgangspunkt i tre alternativ med «Ja: Selje – Vanylven», «Nei» og «Blank»
8. Veljarane får høve til å svare på følgjande spørsmål: «Skal Vågsøy, Selje – Vanylven kommuner slå seg saman til ein ny kommune?»
9. Valstyret gjev leiaren i valstyret ei generell fullmakt til å gjere vedtak i alle kurante saker som vedkjem folkeavrøystinga

## **10.03.2016 Valgstyre**

### **Møtebehandling:**

Tjenesteleder Linda A. Myhre Larsen og rådmann Knut Ove Leite orienterte.

Følgende setning i pkt. 4, i rådmannens innstilling, skal fjernes:

«Leiaren i valstyret fastset startdato for førehandsrøystinga slik at denne blir lik i Eid og Gloppen.»

Setning i pkt. 4, i rådmannens innstilling, som omhandler hvor lenge forhåndsstemmingen skal vare, endres fra fredag 22.04.2016 til lørdag 23.04.2016.

I sakspapiret står det at brevstemmene må være komt frem til Valgstyret senest kl. 21.00 på valgdagen. Det rette skal være kl. 18.00.

Administrasjonen retter dette.

Informasjonsbrosjyre er under produsering og vil bli utsendt innbyggerne etter påske.

### **Votering**

Rådmannens innstilling med endringer enstemmig vedtatt.

VALG-001/16

#### **Vedtak:**

1. Valstyret viser til kommunestyret sitt vedtak i sak 017/16 om gjennomføring av ei rådgjevande folkerøysting om kommunereforma den 25.04.2016
2. Valstyret vil så langt det passar gjennomføre avrøystinga og valoppgjeret etter same rutinar og lovkrav som gjeld ved kommunestyre- og fylkestingsval. Dei som vart valde til medlemmer i røystesstyra i samband med kommune- og fylkestingsvalet 2015 har dei same verva i den rådgjevande folkerøystinga
3. Røysteføre er dei som oppfyller røysterettskriteria for kommunestyre- og fylkestingsvalet, inkludert dei som fyller 16 år og 17 år i valåret
4. Det skal vere førehandsrøysting i samband med folkeavrøystinga fram til og med laurdag 23.04.2016. Førehandsrøystinga går føre seg på dei same stadene og med dei same opningstidene som for førehandsrøysting ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015
5. Det skal vere høve til å tidlegrøyste i servicetorget på heradshuset frå og med måndag 21.mars 2016 og fram til den ordinære førehandsrøystinga startar
6. Folkeavrøystinga på måndag 25.04.2016 blir gjennomført med dei same valkrinsane, røystestadene og opningstidene som ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2015
7. Det blir laga røystesetlar med utgangspunkt i tre alternativ med «Ja: Selje – Vanylven», «Nei» og «Blank»
8. Veljarane får høve til å svare på følgjande spørsmål: «Skal Vågsøy, Selje – Vanylven kommuner slå seg saman til ein ny kommune?»
9. Valstyret gjev leiaren i valstyret ei generell fullmakt til å gjere vedtak i alle kurante saker som vedkjem folkeavrøystinga

## Bakgrunn for saka

Kommunestyret vedtok mot 3 stemmer på møtet den 03.03.2016, i sak 017/16, dette:

1. For å høyre innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Vågsøy kommune gjennomføre innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting 25.04.2016 i samsvar med saksutgreiing datert 14.01.2016. Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med Kommuneleva §39b.
2. Dei som er fødd 31.12.2000 eller før har røysterett ved folkerøystinga.
3. Førehandsrøystingsperioden er 14.03.16 – 22.04.16
4. Formannskapet vert vald som valstyre.
5. Kommunestyret fastset i møte 03.03.2016 kva som skal stå på røystesetlane.
6. I folkerøystinga vert det nytta 3 setlar, med slike alternativ:  
Ja: Selje – Vanylven  
Nei  
Blank setel.

Denne saka gjeld oppfølging av vedtaket i kommunestyret.

## Saksopplysningar / fakta

I kommunereformarbeidet er det fremforhandla intensjonsavtale med Selje og Vanylven kommuner.

Kommunestyret har bestemt at

- måndag 25. april er avrøystingsdag rådgjevande folkerøysting
- avrøystingstemaet er: Ja: Selje – Vanylven, nei eller blank setel
- alle som har røysterett i Vågsøy ved kommuneval, pluss alle som er fødde i 1999 og 2000 (16- og 17-åringane) skal få delta i folkeavrøystinga
- valstyret gjennomfører folkeavrøystinga og gjer vedtak om m.a. tidsrommet for førehandsrøysting.

Rådmannen legg til grunn at valstyret har fullmakt til å ta stilling til alle praktiske spørsmål knytt til gjennomføringa av folkeavrøystinga.

Her er ei opplisting av tilhøve valstyret må vere klar over og/eller ta stilling til:

### Lovverk og retningslinjer

Heimelen for å gjennomføre lokale folkeavrøystingar er § 39b i kommuneleva. Slike avrøystingar er alltid rådgjevande. Det følgjer av lova at det er kommunestyret sjølv som bestemmer når og korleis ei folkeavrøysting skal gjennomførast. Vallova har ingen reglar for gjennomføringa av lokale folkeavrøystingar.

Kommunal- og regionaldepartementet tilrår likevel at kommunane bør ta utgangspunkt i reglane i vallova og gjere desse gjeldande så langt det passar. Prinsippa som gjeld for allmenn røysterett og hemmelege val må sjølvsgagt etterlevast.

Valstyret er ansvarleg for gjennomføringa av folkeavrøystinga, jfr. kommunestyret sitt vedtak. Rådmannen legg til grunn at gjennomføringa av folkeavrøystinga følgjer dei same rutinane og lovkrava som gjeld for kommunestyre- og fylkestingsvalet. Det betyr m a at vi brukar same røystekrinsar som ved ordinære val, og at dei valde røystestyra gjennomfører vala i røystekrinsane. Leiaren i valstyret bør få fullmakt til å supplere eller justere røystestyra etter behov.

## **Røysterett**

Kommunestyret har bestemt at røysteretten skal vere som for kommunestyreval, men utvidast til også å omfatte 16- og 17-åringar (dei som er fødte i 1999 og 2000).

Dei som etter vallova har røysterett ved kommunestyre- og fylkestingval må

- ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og
- ikkje ha mista røysteretten etter grunnlova § 53 og
- vere, eller ein gong har vore, folkeregisterførde som busette i Norge.

Også ikkje-norske statsborgarar har røysterett viss

- dei har stått innført i folkeregisteret som busette i Norge dei tre siste åra før valdagen, eller
- er statsborgar i eit nordisk land og er blitt folkeregisterførde som busette i Norge seinast 31. januar i valåret.

(Ved stortingsval har berre norske statsborgarar stemmerett.)

## **Manntal**

Rådmannen har bestilt nødvendige manntal hos Skattedirektoratet. «Skjeringsdato» er satt til 01.02.2016. Manntalet blir lagt ut til gjennomsyn som ved ordinære val.

## **Valkort**

Ved ordinære val skal det sendast ut valkort til alle som har røysterett, og som er registrerte med bustadadresse her i landet. Valkorta inneheld m.a. informasjon om

- kva for eit val og år det gjeld for
- kva for ein kommune veljaren er manntalsførd i
- adresse og opningstid til vallokalet på valdagen(ane).

Det er kostbart med valkort når dette må produserast og sendast ut utanom dei ordinære vala.

Det er difor bestemt at det ikkje skal sendast ut valkort ved rådgjevande folkerøysting kommunereform 2016.

Det vil verte informasjon og annonsering i lokalavisa, på kommunen si heimeside og Facebook, samt utsending av informasjonsbrosjyre til alle husstandar i kommunen med informasjon om temaet for sjølve folkeavrøystinga.

## **Tid og stad for avrøysting**

Dato for folkeavrøystinga er sett til måndag 25. april. Tidspunktet for førehandsrøysting er frå 21.03.2016 til og med 23.04.2016.

Ein rekk ikkje tidlegstemming grunna vedtak i kommunestyret 03.03.2016.

Røystinga på valdagen blir i dei ordinære røystekrinsane: Raudeberg, Måløy, Skavøypoll og Bryggja. Rådmannen legg til grunn at vi har opningstider frå kl 12:00 til 18:00 i alle krinsane.

## **Førehandsrøysting og tidlegrøysting**

Vallova har detaljerte reglar om førehandsrøysting, og desse bør vi følgje så langt som råd.

Sidan det ikkje er folkeavrøysting i alle kommunar, vil ikkje dei som bur utafor kommuna få høve til å førehandsrøyste vekke slik dei kan ved ordinære val. Løysinga for desse blir såkalla «brevrøysting», som blir omtala særskilt.

Ved ordinære val er det lovfesta at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Likeeins kan veljarar som er sjuke eller uføre på ein slik måte at dei ikkje kan røyste der det er førehandsrøysting, søkje om å få førehandsrøyste der dei er (som oftast heime). Det skal settast ein søknadsfrist for dette. Søknadsfristen bør vere seinast onsdag 20.04.2016.

Til vanleg er det i Vågsøy førehandsrøysting berre på servicetorget i rådhuset, og rådmannen legg til grunn at vi held oss til dette også no. I tillegg bør vi tilby førehandsrøysting til dei som har krav på dette etter vallova (i institusjonar og heime). Rådmannen gjer framlegg om perioden 21.03.2016 til og med fredag 22.04.2016.

Endelig vedtak om folkerøysting blei vedteke i kommunestyret 03.03.2016. Det er knapp tid å få på plass manntall og stemmesedlar. Oppstart for førehandsrøysteperioden må utsetjast

Frå 14.03.2016 til 21.03.2016. Ein får uansett gjeve eit tilbod til dei som er heime på påskeferie.

### **Brevrøysting**

Brevrøysting er eit tilbod til veljarar som ikkje når tak i ein offentleg oppnemnt røystemottakar som har nødvendig marerrell og som sender røystesetelen dit han skal. Til vanleg er tilbodet meint for folk som bur i utlandet, og som ikkje har tilgang til røystesetlane. For å gjere røystesetlane tilgangelege, vil rådmannen legge desse ut på kommunen si heimeside til utskriving. Alternativet er at veljaren sjølv brukar eit ark og skriv på dette kva val det gjeld og kva veljaren røystar for. I dette tilfelle må det gå fram av den sjølvlaga røystesetelen at det gjeld folkeavrøystinga om kommunesamanslåing av Vågsøy, Selje-Vanylven og i tillegg JA, NEI eller blankt.

Så er reglane slik:

1. Røystesetelen blir lagt i ein blank røystesetelkonvolutt, som blir limt att
2. Røystesetelkonvolutten (med røystesetelen i) blir lagt i ein ny konvolutt, omslagskonvolutten, og på denne blir skriva
  - a. At du stemmer ved brevpost
  - b. Namn og adresse til valstyret i Vågsøy
  - c. Dato og stad for røystegjevinga
  - d. Fult namn, adresse og fødselsnummer (11 siffer)
  - e. Signatur
3. Omslagskonvolutten blir lagt i endå ein konvolutt, ekspedisjonskonvolutten, som blir adressert og sendt til valstyret i Vågsøy, Postboks 294, 6701 Måløy.  
Brevrøysta må vere framkomen til valstyret seinast på valdagen kl. 18:00.

### **Røystesetel**

Avrøystingstema er «Ja: Selje – Vanylven» «Nei» eller «Blank» til samanslåing av Vågsøy, Selje – Vanylven kommunar. Dette er alt bestemt av kommunestyret.

På røystesetelen blir det trykt:

*For å høyre innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing gjennomfører Vågsøy kommune innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting.*

*Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med Kommunelova § 39b.*

*Det er framforhandla intensjonsavtale med Selje og Vanylven kommuner.*

*Skal Vågsøy, Selje – Vanylven kommuner slå seg saman til ei ny kommune ?*

### **Noko i staden for valkort?**

Rådmannen ber valstyret drøfte om vi skal gjennomføre andre informasjonstiltak i samband med folkeavrøystinga enn annonsering i Fjordenes Tidende, bruk av nettsida til kommunen og Facebook og informasjonsbrosjyre om kommunereforma og intensjonsavtalen m.m. .

### **Fullmakt til leiaren i valstyret**

Det viser seg alltid at det må takast stilling til valspørsmål som vi ikkje har sett føre oss. Ei generell fullmakt til leiaren i valstyret – alternativt til rådmannen – er derfor nødvendig. Døme på spørsmål vi veit vil kome er: kva er søknadsfristen for å få røyste heime? og korleis supplerer vi røystestyra viss noko går ut eller har forfall på valdagen. Tradisjonen er at det er leiar i valstyret som har fullmakta frå valstyret og ikkje rådmannen.

## Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	X	14.01.2016		Innbyggjarhøyring - Rapport Vågsøy
3	I	10.02.2016	Selje kommune	Kommunereform - folkerøysting - arbeid som pågår i Vanylven
5	I	16.02.2016	Vanylven kommune	Folkeavrøystinga - Stemmesedler Vanylven
4	U	16.02.2016	Selje kommune	Folkeavrøystinga - Stemmesedler
6	I	22.02.2016	Vanylven kommune	Melding om vedtak vedr. folkerøysting kommunereform
7	U	28.02.2016	Melhus Skattekontor	Søknad om manntalsopplysningar i forbindelse med folkerøysting, kommunereform
9	U	07.03.2016	Medlemmer og varamedlemmer i Måløy røystestyre/stemmestyre	Val av røystestyre/stemmestyre Måløy - Rådgjevande folkerøysting om kommunereforma 25.04.2016
10	U	08.03.2016	Fjordenes Tidende	AnnONSE Førehandsrøysting - Rådgjevande folkerøysting om kommunereforma 25.04.2016



